



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

*Nynorsk som sidemål i Kunnskapsløftet og læreverk i  
norskfaget*

*Nynorsk as a secondary language form in Kunnskapsløftet and in  
different textbooks in the subject Norwegian*

**Ingvild Måseidvåg Østrem**

GUPEL412 Bacheloroppgave, vitenskapsteori og  
forskningsmetode

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

Rettleiar: Eldar Heide

Innleveringsdato: 02.06.19

**Antal ord: 9871**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

## Forord

Å skrive bacheloroppgåve har vore ein lærerik prosess som har gjeve meirsmak. Å få moglegheita til å ta eit djupdykk inn i eit emne som eg brenn for har vore eit privilegium. Eg håper at dette ikkje er siste gong eg gjer eit slik djupdykk inn i eit fagområde. Likevel hadde ikkje denne bacheloroppgåva blitt til utan hjelp frå andre.

Eg vil takke Eldar Heide for kyndig rettleiing undervegs. Den har vore til god hjelp. Martin Ekornes Sjøvik fortener og ei takk. Takk for at du alltid har lese og gitt tilbakemeldingar når eg har bedt om det. Eg er takksam for at du har engasjert deg i mine prosjekt.

Ingvild Måseidvåg Østrem,

26. mai. 19.

# Innholdsliste

Forord.....	1
English summary.....	4
Oversikt over tabellar .....	5
Innleiing.....	6
Tema og problemstilling .....	6
Disposisjon for oppgåva.....	7
Kort om nynorsken.....	7
Omgrepsavklaring .....	8
«Nynorsk og sidemål» .....	8
Teori.....	9
Læreplanteori .....	9
Læreplanhistorie .....	9
Læreplanens tre sider.....	11
Teori om læreplanens fem ansikt .....	13
Erfaringar med <i>Kunnskapsløftet</i> .....	15
Metode.....	17
Dokumentanalyse og kvantitative og kvalitative metodar.....	17
Kvalitativ metode – kvalitativ dokumentanalyse.....	18
Kvantitativ metode – kvantitativ dokumentanalyse.....	19
Kvaliteten av forskinga .....	19

Kunnskapsløftet .....	20
Fabel og På norsk .....	21
Analyse .....	22
Kunnskapsløftet – LK06.....	22
Læreverka .....	26
Fabel – Norsk for ungdomstrinnet.....	26
På norsk – Grunnbok og På norsk – Les.....	27
Drøfting .....	34
Drøfting av funn i analysen av <i>Kunnskapsløftet</i> .....	34
Drøfting av funn i analysen av læreverka.....	35
Samanlikning mellom læreverka og <i>Kunnskapsløftet</i> .....	37
Spørsmål om framtida .....	39
Konklusjon.....	40
Litteraturliste .....	42

## English summary

Norwegian has got two different national written languages; Norwegian Nynorsk and Norwegian Bokmål. In this bachelor thesis, I have tried to find out whether or not there are any guidelines in the national curriculum concerning the pupils second Norwegian language. And I have tried to find out how much of the second language one can find in different textbooks in Norwegian for the secondary school. In other words; how much Norwegian Nynorsk there is in Norwegian Bokmål textbooks.

In the thesis I conducted a qualitative study of the national curriculum *Kunnskapsløftet*, that revealed that the curriculum presents both Norwegian Nynorsk and Norwegian Bokmål as equal, but without guidelines concerning how much one should emphasize the different languages. I conducted a quantitative study of the different textbooks, *Fabel* and *På norsk*, for the eighth, ninth and tenth grade. That study revealed that *Fabel* has less than 20% Norwegian Nynorsk, and *På norsk* has more than 20% Norwegian Nynorsk.

## Oversikt over tabellar

Tabell 1. 1 Summativ innhaldsanalyse – førekomsten av ordet «nynorsk» og konteksten

Tabell 1.2 Summativ innhaldsanalyse – førekomsten av ordet «bokmål» og konteksten

Tabell 1.3 Summativ innhaldsanalyse – førekomsten av ordet «sidemål» og konteksten

Tabell 1.4 Summativ innhaldsanalyse – førekomsten av ordet «hovedmål» og konteksten

Tabell 2 Oversikt over sidemålskapittel og omfang

Tabell 3.1 Nynorsk i litteratursamlinga

Tabell 3.2 Bokmål i litteratursamlinga

Tabell 4 Nynorsk utanom sidemålskapittel og litteratursamling

Tabell 5.1 Oversikt over antal sider med nn/bm i læreverket Fabel

Tabell 5.2 Oversikt over antal sider med nn/bm i læreverket På norsk

## Innleiing

I Noreg er bokmål og nynorsk likestilte målformer. Eg er blant dei som skriv nynorsk. Gjennom heile skuleløpet har eg hatt nynorsk som hovudmål og aldri sett problematikken med det; dette var før eg byrja på høgare utdanning og flytta. Då møtte eg fordommar og skepsis. Eg opplevde i diskusjonar med andre at det ikkje var haldningar til målforma som var problemet, men undervisninga. Dette gjorde meg nysgjerrig. Kva retningslinjer blir gitt for nynorsk som eit sidemål? Seier *Kunnskapsløftet*, dagens læreplan, noko om dette? Korleis er nynorsk som eit sidemål i norskbøker på bokmål?

### Tema og problemstilling

Problemstillinga som eg vil finne svar på lyder slik: *Korleis er målforma nynorsk presentert i Kunnskapsløftet og korleis er nynorsk inkludert som eit sidemål i ulike læreverv på bokmål i ungdomsskulen?*

To faktorar som er heilt sentrale i skulen og skulekvardagen er lærebøkene og ikkje minst læreplanen. Lærebøker utgjer eit viktig verktøy i undervisninga i skulen og påverkar undervisninga. Lærebøker er for nokre lærarar eit viktig verktøy når dei planlegger undervisninga, enten ein følger kapitela i ei bok slavisk eller lar seg inspirere av innhaldet i læreboka. Læreplanar legg i enda større grad føringar på kva som skal skje i skulen enn det lærebøker gjer. Læreplanar er nasjonale dokument som gjeld for alle i skulen. Dei seier noko om kva ein skal undervise i og korleis ein skal undervise. Med andre ord er både lærebøker og læreplanar noko som påverkar den undervisninga som blir gitt i skulen. Korleis blir nynorsk som målform påverka av dette?

Spørsmål eg ønsker å finne svar på er blant anna kva rammer det er for undervisning av nynorsk som sidemål i ulike læreverv på bokmål i norskfaget på ungdomsskulen. Er nynorsk som sidemål noko som kun blir tatt opp i eit eige sidemålkapittel? Finst det skjønnlitterære tekstar og sakprosa som er på nynorsk? Kva seier *Kunnskapsløftet* om nynorsk? Er det ei målform som er likestilt med bokmål? Legg dei nokre føringar på kor mykje ein skal undervise i sidemålet?

For å finne svar på problemstillinga vil eg utføre ein kvalitativ dokumentanalyse av læreplanen *Kunnskapsløftet* og ein kvantitativ dokumentanalyse av to ulike læreverker i norskfaget på bokmål i ungdomsskulen. Målet med undersøkinga vil vere å avdekke kor mykje nynorsk som er i bøkene og kor ein finn nynorsken. Det vil og bli undersøkt i kor stor grad lærebøkene innanfor dei ulike læreverka følger retningslinjene frå læreplanen *Kunnskapsløftet*.

## Disposisjon for oppgåva

For å belyse problemstillinga med teori kjem det eit kapittel om *Teori*. I dette kapittel gjer eg greie for sentrale teoriar i oppgåva. Deretter kjem eit kapittel om *Metode*. Her forklarar eg framgangsmåten i bacheloren. Oppgåva nyttar både kvalitative og kvantitative metodar. Etter metode, kjem kapittelet *Analyse*. Her analyserer eg *Kunnskapsløftet* først og deretter læreverka *Fabel* og *På norsk*. Etter at analysen kjem eit kapittel som drøftar funna. Dette kapittelet heiter *Drøfting*. Til slutt kjem ein konklusjon på problemstillinga.

## Kort om nynorsken

Noreg har to norske skriftmål; nynorsk og bokmål. Desse er likestilte, og det kan vere greitt å kjenne til bakgrunnen for kvifor det er slik.

Då Noreg lausreiv seg frå Danmark i 1814 hadde Noreg vore under dansk styre i fleire hundre år. Noreg entra ei tid der identitet og nasjonalkjensle var noko som opptok mange. Landet måtte finne ein identitet, og mange var opptekne av å finne det som var norsk i samfunnet. Dette betydde og at mange engasjerte seg for å finne ut kva språk som var mest norsk. Etter mykje debatt om kva som skulle vere skriftspråket i Noreg, vedtok Stortinget 12. mai 1885 at nynorsk og bokmål skulle likestillast som målformer (Løkensgard Hoel, 2016).



Jamstillingsvedtaket lyder: « ... det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» (Løkensgard Hoel, 2016). Jamstillingsvedtaket er eit viktig punkt i norsk språkhistorie og norsk språkpolitikk, det var den første lova som var med på å sikre to likestilte målformer i Noreg. Seinare, i 1892, kom målparagrafen og sikra likestilling for målformene i skulen. I dag er val av skriftspråk ein rettighet sikra gjennom opplæringslova § 2-5 (1998). I dag er det valfritt frå 8. klasse kva målform ein vil ha som hovudmål i skulen.

## Omgrepsavklaring

«Nynorsk og sidemål»

Nokre omgrep som står sentralt i oppgåva er *sidemål* og *nynorsk*. I Noreg har ein to likestilte målformer; nynorsk og bokmål. Kvar enkelt person har eit hovudmål og eit sidemål. I skulen er hovudmålet den målforma ein nyttar til dagleg, medan sidemål er den målforma ein ikkje nyttar til dagleg. Både nynorsk og bokmål kan fungere som hovudmål. I denne oppgåva vil omgrepet *sidemål* bli brukt som eit synonym for nynorsk, og nynorsk som eit synonym for sidemål. Nynorsk blir omtala som eit sidemål i denne oppgåva nett fordi det er den nynorske målforma som eit sidemål som skal bli undersøkt. Til tross for at denne oppgåva legg opp til at sidemål er synonymt med nynorsk, betyr ikkje det at ein bør gjere det elles òg. Nynorsk er ei likestilt målform med bokmål, og burde ha ein like naturleg status som hovudmål.

Omgrepet *sidemålsundervisning* er undervisning i sidemålet, og i denne oppgåva vil det vere nynorskundervisning. Med andre ord vil omgrepa nynorsk og sidemål bli brukt om kvarandre, og det er lagt same meining i dei.

Tidvis kjem forkortinga *nn* og *bm* til å bli brukt. Dette gjeld stort sett når det kjem til tabellar. Forkortinga referera til målformene nynorsk og bokmål.

## Teori

Dette kapittelet handlar om dei teoriene som er lagt til grunn for denne bacheloroppgåva. Først presenterer eg kort norsk læreplanhistorie. For det andre skriv eg om læreplanteori og læreplanens fem ansikt. For det tredje skriv eg om erfaringar som er gjort med *Kunnskapsløftet*.

### Læreplanteori

Innanfor læreplanteori skal eg skrive om kort om norsk læreplanhistorie frå 1970-talet og fram til i dag. Deretter skal eg gjere greie for læreplanteori med læreplanens tre sider og læreplanens fem ansikt. Etter at teorien er gjort greie for, skriv eg om korleis læreplanens tre sider og fem ansikt kjem til syne i *Kunnskapsløftet*.

#### *Læreplanhistorie*

For å forstå kvifor vi i dag har fått *Kunnskapsløftet* som læreplan, må ein sjå på dei føregåande læreplanane. Norsk læreplanhistorie er eit stort emne, men eg kjem til å konsentrere meg om læreplanane etter 1970. Bakgrunnen for valet mitt er at læreplanar hadde lite fokus i etterkrigstida, og ein såg dei første store endringane i læreplanar først på 1970-talet (Engelsen, 2015, s. 33). Eg skriv kort om alle læreplane og byrjar med *M74*, deretter *M87* og til slutt *L97*. Eg kjem til å trekke fram kvifor ein fekk den nye læreplanen og kva som var nytt i dei.

#### *Mønsterplan (M74)*

Første utgåve av mønsterplanen såg dagens lys i 1971, den var midlertidig og den endelege versjonen blei satt i verk i 1974.

I 1967 blei *Normalplanutvalget* oppnemnt av departementet, dei fekk i oppgåve å vurdere dei tidlegare læreplanane og gi forslag til ny læreplan. Tidlegare hadde læreplanane minstekrav som lærarane måtte forhelde seg til, men dette gjekk ein bort frå. I *M74* blei lærestoffet presentert i bolkar på tre år med veiledande progresjonsplanar, fagplanar og årsplanar (Engelsen, 2003, s. 51). Dette gav lærerane meir handlerom enn før. No kunne den enkelte skule og den enkelte lærar sjølv justere innhald og arbeidsmåtar, men dette blei kritisert. Nokre meinte at læreplanen var halvferdig og at det var feil å forvente at lærerane sjølv skulle fullføre læreplanarbeidet (Engelsen, 2003, s. 52). Det viste seg at lærerane i liten grad nytta seg av det auka handlingsrommet og etter *OMI-prosjektet* fekk man ein ny mønsterplan, nemleg *M87* (Engelsen, 2003, s. 52).

### *Mønsterplan (M87)*

*M87* var ein revisjon av *M74*. Ein hadde lenge fokusert på skulen på eit makroplan og no vendte ein synet innover til mikroplanet (Engelsen, 2003, s. 53). Ein hadde tidlegare innført strukturendringar som 7-årig til 9-årig skule, men no ville ein fokusere meir på sjølve innhaldet i skulen. Det var spesielt tre sider med *M87* som var viktige. Det var tilpassa opplæring, lokalt læreplanarbeid og lærarsynet (Engelsen, 2003, s. 55). Tilpassa opplæring var ingen ny tanke i norsk utdanningspolitikk, men det vart no utheva som noko ein var nøydd til å inkludere både i det faglege, men og det sosiale arbeidet i skulen. Med andre ord skulle eleven få tilpassing både i arbeidsmåtar og i samsværemåtar (Engelsen, 2003, s. 56). *M87* er først og fremst kanskje kjend for arbeidet med lokale læreplanar. Ein av ideane var at lokalt læreplanarbeid og lokalt lærestoff skulle gi eleven konkrete kunnskap om nærmiljøet sitt og styrke identiteten (Engelsen, 2003, s. 57). Med utgangspunkt i lokalmiljøet skulle eleven få kunnskap om, forståing for og innsikt i samfunnet (Engelsen, 2003, s. 57). *M74* blei kritisert for at dei la for stor vekt på at læraren sjølv skulle fullføre læreplanen. I *M87* blei det framheva at dette arbeidet skulle utførast i eit samarbeid mellom lærarane og skulen, men planane skulle ikkje vere bindande for den enkelte lærar si undervisning (Engelsen, 2003, s. 58). Lærarane skulle saman utarbeide lokale læreplanar som skulle fungere som bindeledd mellom mønsterplanen og arbeidet i klasserommet.

Reaksjonane på M87 var stort sett positive, men samfunnet var den gangen, som no, i stadig utvikling og på 90-talet var det igjen på tide med ein ny læreplan.

### *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen (L97)*

Arbeidet med L97 var omfattande. Arbeidet byrja i 1991 og i 1997 sendte eit ut den endelege læreplanen. Eg vil trekke fram nokre viktige dokument i denne prosessen, nemleg *L93, Broen og læreplanar for fag*.

*L93* er viktig fordi det inneheld to viktige endringar i skulen, nemleg innføringa av 10-årig skule og felles generell plan for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Engelsen, 2003, s. 67). No skulle 6-åringar byrje på skulen og ein knytte no saman grunnskulen og vidaregåande. *Broen* var og eit dokument som skulle binde ulike ledd saman, men dette dokumentet skulle binde saman den generelle læreplandelen og dei spesifikke fagplanane i skulen (Engelsen, 2003, s. 71). *Broen* var eit kortare namn, eigentleg heiter det *Prinsipper og retningslinjer for den 10-årige grunnskolen oppbygging, organisering og innhold*. Spesifikke fagplanar var noko ein introduserte i M87, men i L97 vart dei radikalt endra (Engelsen, 2003, s. 72). No fekk ein læreplanar med formuleringar som at «eleven skal ...» (Engelsen, 2003, s. 72). Det var tydelegare utheva kva ein forventa at eleven skulle kunne etter endt skulegang.

Etter at L97 vart innført, blei det i 1998 tatt initiativ til oppfølgingsforskning av innføringa av læreplanen (Engelsen, 2003, s. 73). Alt skulle evaluerast; førebuingane, innføringsfasen og oppfølgingsfasen (Engelsen, 2003, s. 73).

Før eg skal skrive om *Kunnskapsløftet* som vart den nye læreplanen etter L97, skal eg skrive om læreplanteori.

### *Læreplanens tre sider*

Læreplanar har ifølge Goodlad (referert i Imsen, 2009, s. 193) tre sider ved seg. Den første sida er den substansielle sida. Den fortel om kva som skal skje i skulen.

Det betyr at læreplanen seier noko om kva opplæringa i skulen skal vere. Den andre sida er den sosiopolitiske sida. Det sosiopolitiske seier noko om kven som bestemmer korleis læreplanen skal vere. Skulen er ein arena der sterke samfunnsinteresser verkar inn og det er gjerne mange som ønsker å påverke korleis skulen skal organiserast fordi den har eit viktig samfunnsmandat. Den tredje sida er den teknisk-profesjonelle sida og den handlar om korleis læreplanen blir tolka og korleis gjennomføringa av opplæringa er.

Desse tre sidene ved læreplanar heng saman, men det er viktig å hugse på at der ein skilnad mellom «intensjon og realitet i skolen» (Imsen, 2009, s. 192). Ein læreplan kan sjeldan bli gjennomført til punkt og prikke. Ein kan planlegge undervisinga, men korleis gjennomføringa blir er som regel uviss fordi undervisning i eit klasserom alltid inneber ei viss moglegheit for uventa hendingar. I tillegg er lærarens tolking av læreplanen og ein faktor ein må ta i betraktning når det kjem til gjennomføringa av læreplanen. To ulike lærarar kan tolke læreplanen ulikt og dermed blir gjennomføringa av den ulik.

### *Læreplanen sine tre sider i Kunnskapsløftet*

Det finst tre sider ved læreplanar; den substansielle, den sosiopolitiske og den teknisk-profesjonelle. Når ein skal ta føre seg kontekstuelle og kjeldekritiske vurderingar av *Kunnskapsløftet*, kan ein bruke den substansielle sida og den sosiopolitiske sida av læreplanen som vurderingsfaktor.

Læreplanar gir retningslinjer for kva som skal undervisast i skulen og korleis opplæringa skal føregå, dette er den substansielle sida av læreplanen. I læreplanverket til *Kunnskapsløftet* finn ein læreplanar for kvart enkelt fag som stadfestar kva elevane skal kunne etter at dei er ferdig på til dømes ungdomsskulen eller barneskulen. I tillegg finst det ein plakat med prinsipp for opplæring. Denne plakaten seier noko om korleis opplæringa i skulen skal vere. Plakaten utdjupar dei rettighetane som står i *Opplæringslova* (1998).

Den sosiopolitiske sida av læreplanen handlar i stor grad om ytre faktorar som kan påverke læreplanen. Denne sida trekk fram at det finst mange sterke samfunnsinteresser som påverkar læreplanen, både politikarar, politiske parti og aktørar.

I og med at læreplanar i Noreg er utforma på vegne av staten, blir læreplanar eit uttrykk for « ... makthavendes forståelse av pedagogiske institusjoners rolle (skolens og barnehagens) og myndighetenes pedagogiske syn ...» (Øzerk, 2006, s. 27). Det er naturleg å anta at til tross for at læreplanar er utforma på vegne av staten og kanskje er eit produkt av ein politisk ideologi om korleis ein skal undervise og kva ein skal undervise i, så er læreplanane godtekne av eit fleirtall i Stortinget. Stortinget representerer folket, og når eit slikt grunnleggande styringsdokument blir vedteke er det fordi at dokumentet speglar det «samfunnet anser som verdifult, nyttig og ønskelig av opplevelser, innstillingar, holdningar, ferdigheter, verdier og kunnskaper. De gjenspeiler samfunnets kulturelle, verdimesige og ideologiske prioriteringar» (Øzerk, 2006, s.33). Dette betyr ikkje at ein skal la vere å tenke kritisk om læreplanar. Ein bør vurdere ein læreplan kritisk fordi den til sjuande og sist er eit politisk dokument som er avgjørande for korleis skulen fungerer. Læreplanen legg føringar på kva skulen skal vektlegge som ønskelege normar, verdier, kunnskapar, metodar og prinsipp (Øzerk, 2006, s. 33).

#### *Teori om læreplanens fem ansikt*

Det kan vere ein lang veg frå ein overordna læreplanidé til røynda i klasserommet. Goodlad skil mellom fem ulike nivå av læreplanen (referert i Imsen, 2009, s. 194).

Det første nivået er den ideologiske læreplanen. Som namnet tilseier, så handlar dette punktet om dei ideologiske ideane som ligg bak læreplanen. Slike idear kan vere bestemte arbeidsformer eller ein bestemt form for lærestoff. Det andre nivået er den formelle læreplanen. Dette er det offentlege dokumentet som blir vedtatt som læreplan. I Noreg er læreplanar formelle og gjeld i heile landet; dei er nasjonale. Det tredje nivået er den oppfattande læreplanen. Dette er måten læreplanen blir oppfatta av ulike aktørar som til dømes lærarar. Læreplanar kan vere eit produkt av ulike interesser og standpunkt, og vil kunne bli tolka ulikt av lærarar fordi kvar enkelt lærar har tileigna seg ulik kunnskap og erverva ulik erfaring.

Det fjerde nivået er den gjennomførte læreplanen. Undervisning går sjeldan heilt som planlagt. Ein lærar kan planlegge undervisninga nøye, men i og med at undervisninga går føre seg i møte med elevar, kan ein aldri vere heilt sikker på korleis undervisningstimen vil gå. Det femte og siste nivået er den erfarte læreplanen. Korleis opplæringa for elevane opplevast er og eit viktig punkt. Kva elevane sitt igjen med etter ein undervisningstime kan vere varierende.

Læreplanens fem ansikt er viktige, men korleis kjem dei til uttrykk i *Kunnskapsløftet* som læreplan?

### *Læreplanen sine fem ansikt i Kunnskapsløftet*

Læreplanar har fem ulike ansikt og korleis desse blir uttrykt i *Kunnskapsløftet* kjem eg til å gjere greie for her.

Den ideologiske læreplanen er ofte vanskeleg å finne svar på sidan det handlar om dei tankane som gjerne har vore tilstades under utforminga av læreplanen. Likevel finst det mykje ein kan kommentere. Stortinget bestemde våren 2004 at det skulle lagast ein ny læreplan. Tanken då var eit skulle vidareutvikle og revidere L93 og L97 (Øzerk, 2006, s. 61). Det vart danna eit utval i Stortinget, Søgner-utvalet, og dei kom med innstillinga *I første rekke* (NOU 2003:16). På bakgrunn av dette dokumentet blei det utarbeida ei Stortingsmelding, St. meld. Nr. 30 (2003-2004) *Kultur for Læring*. Alle prinsippa som blei vedtatt blir ikkje ramsa opp her. Likevel kan ein nemne at nokre skilnader frå dei gamle læreplanane og den nye var at *Kunnskapsløftet* skulle dekke både grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Dette er det vi i dag kjenner som grunnopplæringa. Ein anna skilnad var at *Kunnskapsløftet* innførte ein *Læringsplakat* som sa noko om kva prinsipp ein skal følge i opplæringa.

Det var ikkje berre Søgner-utvalet si innstilling og St.meld. Nr. 30 (2003-2004) som var viktige i utarbeidinga av *Kunnskapsløftet*. Det var og mykje forskning som var viktig. Blant anna var det eit behov for å skape ein læreplan som var tydelegare. Evalueringa av den føregåande læreplanen, L97, var at den var for upresis og skapte eit stort gap mellom intensjon og røynda (Øzerk, 2006, s. 63).

Dette var avgjerande i utforminga av dei tydelege kompetansemål i dei ulike faga. Kompetansemåla i norskfaget finn vi i *Læreplan i norsk NOR1-05* (Kunnskapsdepartementet, 2013), men det vart og innført grunnleggande dugleikar som gjaldt alle fag. Dei grunnleggande dugleikane er å lese, å skrive, å rekne, munnlege dugleikar og digitale dugleikar.

Den formelle læreplanen er det vedtekne og innførte dokumentet som vi i dag kjenner som dagens læreplanverket.

Den oppfatta, den gjennomførte og den erfarte læreplanen heng tett saman. Korleis ein lærar og ein skule tolkar læreplanen har stor innverknad på korleis læreplanen blir gjennomført og ikkje minst korleis ein erfarer læreplanen i etterkant. Desse tre punkta er viktige og blir drøfta for seg sjølv i neste avsnitt.

## Erfaringar med *Kunnskapsløftet*

I denne oppgåva valde eg å ta utgangspunkt i andre delrapporten i eit større forskingsprosjekt for å finne svar på kva erfaring ein har med læreplanverket. Rapportene heiter *På vei fra læreplan til klasserom: Om læreres fortolkning, planlegging og syn på LK06*.

*Kunnskapsløftet* blei innført som ein reform som tok sikte på å løyse nokre av dei problema vi hadde i norsk skule. Blant anna var det ein svak kultur for læring, manglande fokus på resultat, utydelege læringsmål, for lite fokus på læringsstrategiar og for lite fokus på utvikling av grunnleggande dugleikar (Engelsen, 2010, s. 10). Eg vil forsøke å belyse, ved hjelp av delrapporten, om *Kunnskapsløftet* har lykkast med å endre nokre av desse problema under.

Innføringa av kompetansemål var ein måte gjere skulen meir målretta på. Å fastsette kompetansemål elevane skulle ha etter til dømes 10. årstrinn var ein måte å tydeliggjere kva som var forventa av eleven, men og av skulen og lærerane. I kor stor grad *Kunnskapsløftet* har lykkast med å tydeleggjere læringsmåla er diskutabelt.



Dale og Øzerk utførte ei undersøking der dei blant anna spør skuleeigarar om «læringsmålene i læreplaner for henholdsvis grunnskolen og den vidaregående skolen i Kunnskapsløftet er tydelige» (Dale & Øzerk, 2010, s. 91). Gjennomsnittsvaret dei fekk var «i noen grad» (Dale & Øzerk, 2010, s. 91). Dale og Øzerk tolka funna sine som at dersom staten ønskte å skape tydelegare mål enn det som var utforma i L97/R94 så har ikkje utføringa vore tilstrekkeleg god nok (2010, s. 91). Når 18,3% seier læringsmåla er gode nok, er det ein lang veg å gå for å skape læringsmål som er tydelege nok for alle.

*Kunnskapsløftet* forsøkte å understreke at det er viktig å arbeide med grunnleggande dugleikar i skulen ved å tydeleggjere dei i kompetansemåla. Undersøkingar i delrapporten viser at det er varierende fokus på å implementere grunnleggande dugleikar i skulen (Hodgson, Rønning, Skogvold, Tomlinson, 2010, s. 70). Der det er satt fokus på er det begrensa til nokre få fag eller enkelte dugleikar. Mest bekymringsverdig er at rapporten trekker fram at ingen av lærerane i intervju tok opp arbeidet med grunnleggande dugleikar (Hodgson et al., 2010, s. 70).

Læringsstrategiar er noko som er viktig for elevane å meistre. Å vite at ein har ulike teknikkar å arbeide med er grunneleggande viktig for å skape gode resultat i skulen. Det må nemnast at både kompetansemål og grunnleggande dugleikar er spesifisert som mål i LK06, medan læringsstrategiar ikkje er det (Hodgson et al., 2010, s. 71). Det gjer læringsstrategiane ikkje blir like mykje utheva, men det betyr ikkje at det er mindre viktig å arbeide med. Dessverre viser funna frå forskinga i delrapporten at det ikkje blir arbeidd nok med. Nokre av skuleeigarane som var med i utvalet har tatt det med i planane sine, men i altfor liten grad (Hodgson et al., 2010, s. 72).

Erfaringar frå lærerane sjølve blir og trekt fram i rapporten. Hovudtrekka er at lærerane opplever kompetansemåla og grunnleggande dugleikar som den største skilnaden frå tidlegare. Det er også trekt fram som det vanskelegaste å arbeide med. Bakgrunnen for desse meiningane er at dei meiner det er lagt for stor vekt på lokalt læreplanarbeid noko som skaper for frie taumar og for stor skilnad mellom skule til skule og kommune til kommune (Hodgson et al., 2010, s. 89). Læreplanen verkar som ambisiøs og omfattande, og ein lærar meiner det er for stor avstand mellom læreplan og den konteksten den skal virke i, nemleg klasserommet og undervisningsøkter (Hodgson et al., 2010, s. 90).

Til slutt vil eg trekke fram eit viktig synspunkt som kom fram i rapporten. Det var mange av lærerane som meinte at når læreplanen blei så krevande å arbeide med, blei lærebøkene viktigare enn før. Ein lærar seier blant anna at «... lærere opplever at de blir enda mer sårbare og mer avhengige av lærebøkene.» (Hodgson et al., 2010, s. 91).

Innføringa av kompetansemål er eit riktig steg i riktig retning for å gjere det tydeleg for elevar og lærarar kva ein skal arbeide med i skulen. Det finst forbedringspotensiale, og det same gjer det innanfor inkluderinga av grunnleggande dugleikar og arbeidet med læringsstrategier. Erfaringane som lærerane sjølve trekk fram er at det er positivt med kompetansemål, men at dei er for vage og for vanskeleg å arbeide med. Dette har ført til at lærerane føler dei må støtte seg meir på læreverka når dei skal utforme planar.

## Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis eg har arbeidd med bacheloren og kva metodar som er nytta. Når ein skal forske på noko er det essensielt at ein nyttar systematiske metodar for å finne fram til svar. Dette kapitlet vil forklare kva slags arbeidsmåtar og metodar som er brukt i denne oppgåva.

Datamaterialet som er valt ut i denne forskinga er læreplanen *Kunnskapsløftet*, og lærebøkene i læreverket *Fabel* og *På norsk* for ungdomstrinnet.

## Dokumentanalyse og kvantitative og kvalitative metodar

Dokumentanalyse er analyse av skriftkjelder overlevert frå ein situasjon i fortida og som er av relevans for forskinga (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 87). Innanfor samfunnsforskning er det to omgrep som er sentrale, nemleg kvalitative og kvantitative metodar. Dette er ikkje to strake motsetningar, men to metodar som kan utfylle kvarandre. Ei forskning kan ha ulik grad av enten kvalitativ og kvantitativ metode (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). I denne bacheloren kjem eg til å nytte begge.

## Kvalitativ metode – kvalitativ dokumentanalyse

Dokumentanalyse er analyse av skriftlege kjelder. Kvalitativ dokumentanalyse kan brukast til å avdekke eller få eit innblikk i til dømes kva «argumenter, standpunkt, holdninger eller verdier som står sentralt i ulike tekster» (Grønmo, 2004, s. 142). *Kunnskapsløftet* utgjer ei sentral rolle i problemstillinga for bacheloroppgåva og det er nett dette som skal analyserast kvalitativt.

Valet av metode er gjort med tanke på at det er ønskeleg å analysere innhaldet i *Kunnskapsløftet* med fokus på kva argument, haldningar, standpunkt den har til målforma nynorsk. Kvalitativ dokumentanalyse er den best egna metoden for å finne svar på korleis *Kunnskapsløftet* som læreplan stiller seg til nynorsk som målform. Det er fordi denne metoden kan ein dele tekstmaterialet inn i mindre delar og systematisere det for å belyse ei spesifikk problemstilling (Grønmo, 2004, s. 143). Ved å strukturere innhaldet i ein tekst og dele det opp, kan ein lettare avdekke til dømes standpunkt og haldingar i teksten.

For å finne svar på kva argument, haldningar, standpunkt og verdier læreplanen har om nynorsk som målform blir det gjennomført ei summativ innhaldsanalyse. Ei slik analyse fokuserar på korleis ord blir brukt i ein bestemt kontekst (Fauskanger & Mosvold, 2014). I *Kunnskapsløftet* kjem ein til å sjå på hyppigheta av ordet *nynorsk* og kva ord som kjem rett før eller rett etter for å kunne belyse ordet sin kontekst. Andre ord som blir analysert er *sidemål*, *hovudmål* og *bokmål*. Ein kan ikkje berre vurdere hyppigheita og konteksten til ordet *nynorsk*, ein bør og vurdere om læreplanen nyttar andre ord for målformene, som *sidemål* og *hovudmål*. I tillegg bør ein sjå på ordet *bokmål* for å kunne samanlikne hyppigheit og kontekst mellom dei to orda. Dukk *bokmål* oftare opp enn *nynorsk* eller blir det alltid omtalt i lag? Dette valet er gjort for å styrke den indre validiteten til datainnsamlinga og funna i analysen.

## Kvantitativ metode – kvantitativ dokumentanalyse

Kvantitativ dokumentanalyse analyserer i likskap med kvalitativ dokumentanalyse, tekstmateriale. Ein annan likskap er at kvantitativ dokumentanalyse systematisera relevante delar av ein tekst for å finne svar på ei problemstilling. Likevel er kvantitativ dokumentanalyse annleis fordi «dokumentets innhald blir derimot vurdert med refereranse til et strukturert kodeskjema» (Grønmo, 2004, s. 143).

For å finne svar på korleis nynorsk er som eit sidemål i ulike læreverk vil det bli gjennomført ein kvantitativ dokumentanalyse av fleire ulike skriftlege kjelder. Dei skriftlege kjeldene som vil bli analysert er læreverka *Fabel* og *På norsk*. For å finne svar på kor mykje nynorsk som er inkludert i desse læreverka på bokmål må ein nytte ein strukturert metode der ein kan telje og stadfeste med tal kor mykje av innhaldet som er på nynorsk. Det kan gjerast best med kvantitativ dokumentanalyse. Med hjelp av ein kvantitativ metode kan ein til dømes finne ut kor mange sider med nynorsk det er i ei lærebok.

Heilt konkret inneber dette at eg i kvar bok har sett på

- om boka har eige kapittel om sidemålsopplæring, kva omfang dette kapitlet har og kor i læreboka kapitlet er plassert,
- kor mange eksempeltekstar læreboka har på nynorsk og om oppgåver til tekstane i tekstsamlinga følger målforma i tekstane,
- om nokre av kapitla om andre norskfaglige emne enn sidemålskapitlet er skrive på nynorsk og kva omfang desse kapitla har.

## Kvaliteten av forskinga

I all forskning er ein nøydd til å stille kritiske spørsmål rundt eigen praksis og vurdere kvaliteten av forskinga. Å vurdere kor nøyaktig datainnsamlingsprosessen er og kor nøyaktig det endelege datamaterialet er, er viktig for å sikre gode nok svar i forskinga. Derfor er validitet vurdert.

Validiteten handlar om ein har målt det ein ønsker å måle. Det er og viktig at ein undersøker det som er riktig å undersøke. Med andre ord må ein velje data som faktisk representerer det ein skal undersøke. Ein delar validitet inn i intern og ekstern validitet. Intern validitet blir brukt til å vurdere den interne kvaliteten av forskinga, altså om det utvalde datamaterialet faktisk representerer det ein ønsker å måle (Dahlum, 2018). Den ytre validiteten handlar om ein kan generalisere funna i forskinga (Dahlum, 2018).

### *Kunnskapsløftet*

*Kunnskapsløftet* er eit læreplanverk som består av generell del, prinsipp for opplæringa, læreplanar for fag, og fag og timefordeling. I analysen blir kun utvalde delar av læreplanverket brukt. Det er læreplanar for fag (her: læreplan i norsk, *NOR1-05*). Generell del og prinsipp for opplæring og fag- og timefordeling blir ikkje tatt med i utvalet. Valet er gjort med tanke på kva som er ønskeleg å undersøke. Målet er å finne svar på korleis *Kunnskapsløftet* presenterer nynorsk som målform og kva opplæring den legg opp til. Dette kan ein finne svar på i læreplanen for norskfaget.

Det er kanskje fyrst og fremst kontekstuelle forhold som bør vurderast når ein skal sjå på *Kunnskapsløftet* som ei kjelde til datainnsamling. «Under datainnsamling i kvalitativ innholdsanalyse er det viktig å gjennomgå tekstene systematisk med sikte på kildekritiske og kontekstuelle vurderinger ...» (Grønmo, 2004, s.181). Læreplanar i Noreg er forskrifter som skulen må innrette seg etter, men det er og eit politisk dokument som er eit produkt av ei regjering med sine tankar og ideologiar. Ulike politiske parti kan ha ulike syn på kva som skal vere innhaldet i skulen og korleis undervisninga og opplæringa skal vere.

For å sikre at blant anna konteksten blir vurdert når ein analyser *Kunnskapsløftet*, vurderer ein konteksten i den summative innhaldsanalysen. Ved å vurdere kva ord som kjem før og etter det utvalde ordet, kan ein vurdere kva kontekst ordet er brukt i.

## *Fabel og På norsk*

Oppgåva tar utgangspunkt i to ulike læreverk, *Fabel og På norsk*, og analyserer dei for å finne ut kor mykje nynorsk som er inkludert i bøkene. Eg val å analysere desse læreverka fordi eg ikkje har funne noko forskning på dei, det er allereie skriven ein bachelor som analyserer læreverka *Fra Saga til CD og Kontekst* (Øien, 2013, s. 8). Ein kunne ha fått eit betre og meir heildekkande bilete ved å analysere enda fleire bøker, men valet om to læreverk er tatt med omsyn til på storleik på oppgåva.

Det er nynorskundervisninga i norskfaget på ungdomsskulen som blir undersøkt. Det betyr at ein ser på bøkene for 8., 9. og 10. trinn. Ein kan ikkje analysere enkelte bøker frå eit læreverk dersom ein skal finne ein heilskap i analysen. Det kan bli ei mangelfull analyse å berre ta føre seg boka for 8. trinn dersom læreverket har mykje om nynorsk i boka for 9. trinn. På bakgrunn av dette argumentet blir 2 ulike læreverk med 3 bøker kvar analysert, og det blir vurdert som tilstrekkeleg datamateriale for analysen.

Begge læreverka har ressursider på internett, ressurspermar, lærarretteiing og cd-ar knytt til seg. Det er klart at desse kan innehalde undervisningsmateriell på nynorsk, men i denne oppgåva blir desse valt vekk. Hovudargumentet for dette valet er storleiken på oppgåva.

Ein svakheit med innsamlinga av datamaterialet er sjølve stadfestinga av kor mange sider det er på nynorsk. Det kan vere sider som har innslag av nynorsk, og ei problemstilling er korleis ein skal ta dette med i datainnsamlinga. Skal ein telje halve sider eller avsnitt? I dette tilfellet blir sider som inneheld nynorsk talde med som 1 side. Dette er gjort å gjere innsamlinga av data enklare å gjennomføre. Det blir vanskeleg å skulle byrje å telje til dømes kor mange avsnitt, eller kor mange ord på bokmål og nynorsk. Dette er likevel ein svakheit i datamaterialet som må vurderes.

Det er eit bevisst val at det er både læreverk og læreplan som blir analysert i bacheloren. Ein kan ikkje analysere læreverk utan å sjå på læreplan, og ein kan heller ikkje analysere ein læreplan utan å sjå på læreverk. Dette er fordi læreplanar seier noko om kva som skal undervisast i og korleis opplæringa skal vere. Læreverk kan vere døme på korleis ein læreplan blir praktisert i røynda. Læreverka kan vere i tråd med læreplanen, eller dei kan

skilje seg ut ved at dei legg opp til andre undervisningsformer enn det læreplanen seier om opplæring. Å samanlikne desse to med kvarandre vil styrke validiteten i data. Det gir eit bilete som speglar realiteten i skulen. Alle i grunnskulen må innrette seg etter læreplanen, og når dei fleste i tillegg nyttar lærebøker i undervisninga, vil den samla analysen av data gi eit reelt bilete av plassen til nynorsk i norskfaget i ungdomsskulen. Samstundes finst det ein svakheit med oppgåva. Bacheloren baserer seg fullstendig på dokument. Læreplanar og læreverk påverkar korleis undervisninga og opplæringa i ulike fag føregår, men det kan vere langt frå intensjon til røynda. Korleis undervisninga eigentleg føregår kan ein berre vite ved å snakke og observere lærarar og elevar i eit klasserom. Likevel blir dokumentmaterialet vurdert som eit godt nok bilete på røynda, fordi dei til sjuande og sist legg nokre føringar på kva som skal undervisast i.

## Analyse

I dette kapitlet analyserer eg *Kunnskapsløftet* og deretter læreverka *Fabel* og *På norsk*. Først blir *Kunnskapsløftet* presentert, deretter kjem den summative innhaldsanalysen. Så kjem den kvantitative analysen av læreverka, først *Fabel*, deretter *På norsk*. Den kvantitative analysen blir hovudsakleg presentert i tabellar, men funna i dei ulike tabellane blir kommentert i eigne avsnitt.

### Kunnskapsløftet – LK06

Læreplanar er blant dei aller viktigaste verktøya i skulen når det kjem til organiseringa av skulen og skulekvardagen for lærarar og elevar. Læreplanar er heilt sentrale i skulen fordi dei «fungerer som direktiver for skolene og lærerne om hva som skal foregå i skolen» (Imsen, 2009, s. 191). I Noreg blir læreplanverket utforma av staten og dei seier noko om kva som skal gjerast i ulike fag på ulike klassetrinn og dei seier og noko om kor mange undervisningstimar ein skal ha i dei ulike faga. Med andre ord beskriv læreplanar noko som er tenkt å skulle skje i undervisninga og gir retningslinjer for kva det faglege innhaldet skal vere og korleis ein skal arbeide med det (Imsen, 2009, s. 192-193).

*Kunnskapsløftet* er per 2019 den gjeldande læreplanen i Noreg. Det er eit nasjonalt læreplanverk og ein reform som gjeld grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. *Kunnskapsløftet* blei vedteke i 2004 og tredde i kraft skuleåret 2006/2007 (Kunnskapsdepartementet, 2018b). I 2013 vart det publisert ein revidert av *Kunnskapsløftet* frå 2006, det er denne reviderte utgåva som blir brukt i denne bacheloren.

*Kunnskapsløftet* er eit læreplanverk som består av *generell del, prinsipp for opplæringa, læreplanar for fag, og fag og timestfordeling*. Desse delane er alle viktige komponentar i *Kunnskapsløftet* og dei utgjer alle ei rolle som forskrift til opplæringslova. At det er ei forskrift tyder at alle i skulen er pliktige til å følge dei reglane som blir fastsatt i *Kunnskapsløftet*. Læreplanen er fastsett av Kunnskapsdepartementet. *Opplæringslova* (1998) fastslår i §2-3 at det er Kunnskapsdepartementet som bestemmer innhaldet i skulen.

*Kva seier læreplan i norsk i Kunnskapsløftet om nynorsk?*

Dei ulike skriftlege målformene blir presentert som likestilte målformer. Elevane skal lære seg å lese og skriv på nynorsk og bokmål. Når eleven meistrar begge målformene vil det gi eleven språkleg tryggleik og vere med på å utvikle deira språkforståing (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 2).

For å gjere det eksplisitt kva læreplanen i norsk *NOR1-05* (Kunnskapsdepartementet, 2013) seier om nynorsk kan ein nytte summativ innhaldsanalyse. Ved å gjennomføre ein summativ innhaldsanalyse fokuserer ein på korleis ord eller innhald førekjem i ein bestemt kontekst. Ei slik analyse kan til dømes ta for seg førekomsten av eit bestemt ord (Fauskanger & Mosvold, 2014). Her har eg sett på førekomsten og konteksten til orda *nynorsk, bokmål, hovedmål og sidemål*. Eg val å sjå på *bokmål, hovedmål og sidemål* i tillegg til *nynorsk* for å få eit dekkande bilete. Dette gjor eg blant anna for å undersøke om nokon av dei utvalde orda førekjem fleire gonger enn andre, og om konteksten kunne gi nokre teikn til vidare analyse. I analysen blir hyppigheten av det bestemte ordet tatt med, og konteksten. Det er Læreplanen i norsk *NOR1-05* (Kunnskapsdepartementet, 2013) som blir analysert ved hjelp av summativ innhaldsanalyse. Det er ikkje heile læreplanen som blir analysert, men delkapitela som omhandlar *Formål, Hovedområder, Grunnleggende ferdigheter og*



*Kompetansemål etter 10. årstrinn* som blir analysert. Setningar som handlar om til dømes vidaregåande skule blir ikkje inkludert i denne analysen, og derfor blir ikkje alle orda med.

I tabellane 1.1, 1.2, 1.3 og 1.4 kan ein sjå frekvensen og konteksten til dei utvalde orda. Det første openbare funnet er at nynorsk og bokmål har same frekvens, og det same har sidemål og hovudmål. Det er og tydeleg at kvar gong nynorsk blir nemnt, så blir bokmål nemnt i same setning. Det same prinsippet gjeld og kvar gong bokmål blir nemnt. Frekvensen av sidemål og hovudmål er og lik og det er tydeleg at ein ikkje nemner korkje sidemål eller hovudmål utan å inkludere motparten. Det er ingen eigne kompetansemål etter 10. årstrinn som handlar om berre nynorsk, bokmål, hovudmål eller sidemål. Kompetansemåla viser at ein skal ha kunnskap om det same på begge målformene.

Det ser ein i kompetansemåla som til dømes «lese og analysere et bredt utvalg tekster i ulike sjangere og og medier på bokmål og nynorsk og formidle mulige tolkninger» og «skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovudmål og sidemål med begrunnende synspunkter og tilpasser mottaker, formål og medium»

(Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 9). Det finst fleire kompetansemål knytta til nynorsk og bokmål, sidemål og hovudmål. Dei handlar om at eleven blant anna skal kunne kjenne til haldningar og diskutere dei ulike skriftlege måla nynorsk og bokmål, eleven skal kunne beherske grammatikk til begge målformene og kunne samanlikne grammatikken, og dei eleven skal kjenne til språkdebatten og kunne forklare kvifor vi har to likestilte målformer (Kunnskapdepartementet, 2013, s. 9). Dette viser at kompetansemåla i læreplanen legg opp til at ein skal ha same type kunnskap innanfor både nynorsk og bokmål.

TABELL 1.1

## Summativ innhaldsanalyse – førekomsten av ordet «nynorsk» og konteksten

bokmål	og	<b>nynorsk</b>	er	likestilte
bokmål	og	<b>nynorsk.</b>		
bokmål	og	<b>nynorsk</b>	og	formidle
skriftlige	målformene	<b>nynorsk</b>	og	bokmål
å	sammenligne	<b>nynorsk</b>	og	bokmål

TABELL 1. 2

## Summativ innhaldsanalyse – førekomsten av ordet «bokmål» og konteksten

språk,	og	<b>bokmål</b>	og	nynorsk
skrive	både	<b>bokmål</b>	og	nynorsk.
medier	på	<b>bokmål</b>	og	nynorsk
nynorsk	og	<b>bokmål.</b>		
nynorsk	og	<b>bokmål.</b>		

**TABELL 1.3**

**Summativ innhaldsanalyse – forekomsten av ordet «sidemål» og konteksten**

vurdering	i	<b>sidemål,</b>	skal	bare
hovedmål	og	<b>sidemål.</b>		
hovedmål	og	<b>sidemål</b>	med	begrunnende

**Tabell 1.4**

**Summativ innhaldsanalyse – forekomsten av ordet «hovedmål» og konteksten**

skrive	på	<b>hovedmålet</b>	sitt.	
på	både	<b>hovedmål</b>	og	sidemål.
tekster	på	<b>hovedmål</b>	og	sidemål.

## Læreverka

*Fabel – Norsk for ungdomstrinnet*

Læreverket *Fabel* frå Aschehoug forlag såg dagens lys i 2013. *Fabel* kan delast inn i tre bøker; *Fabel 8*, *Fabel 9* og *Fabel 10*. Bøkene vart publisert etter kvarandre, første bok kom i 2013, andre bok i 2014 og tredje bok i 2015. Bøkene har på dette tidspunktet kun blitt publisert i ei utgåve. Forfattarane bak bøkene er mange; dei er Anne-Grete Fostås, Helge Horn, Ellen Birgitte Johnsrud, Jannike Hegdal Nilssen, Maria Nitteberg, Åse Marie Ommundsen og Harald Ødegård.

Det er ei bok for kvart årstrinn, og bøkene er organisert slik at det er ei «... alt-i-ett-bok. Det vil si at lærestoffet og tekstsamlingen er samlet i én og samme bok.» (Fostås, Horn, Johnsrud, Hegdal Nilssen, Nitteberg, Ommundsen & Ødegård, 2013, s. 2). Læreverket

opererer dermed med ei grunnbok som, ifølge forlaget, skal dekke alle behova for kvart årstrinn. Alle tre bøkene følger den same strukturen og oppbygginga. Innhaldet er delt inn i fem hovuddelar; «Læringsverktøy», «Skriv godt norsk», «Saktekster», «Fiksjonstekster» og «Språk og kultur». I tillegg kjem det ei litteratursamling bakerst i kvar bok. Innanfor dei fem hovuddelane er det fleire mindre kapittel og det kan vere alt frå eitt kapittel til fire mindre kapittel i kvar enkelt hovuddel.

*På norsk – Grunnbok og På norsk – Les*

Cappelen Damm sitt læreverk i norsk for ungdomsskulen *På norsk* vart publisert i 2007 og er skriven av forfattarane Jon Rolland, Rigmor Aarø Spitten og Hilchen Sundby. Bøkene som høyrer til læreverket er produsert i ei utgåve. I alle tre grunnbøkene, står det i innleiinga at boka er produsert i tråd med det *Kunnskapsløftet* seier ein skal undervise i (Rolland, Aarø Spiten & Sundby, 2007, s. 4).

Læreverket er delt inn i ulike komponentar. *På norsk* har ei grunnbok for kvart årstrinn; *På norsk GRUNNBOK 1*, *På norsk GRUNNBOK 2* og *På norsk GRUNNBOK 3*. Grunnboka er hovudboka i faget, i tillegg kjem bøker som *På norsk FØR*, *På norsk LES 1-3*, *På norsk LYTT 1-3*. Grunnbøkene er hovudboka for elevane. Alle tre grunnbøkene er delt inn i ti kapittel. *På norsk FØR* er ei samlebok for heile ungdomsskulen. *På norsk LES* har tre bøker; *LES 1*, *LES 2* og *LES 3*. Dette er litteratursamlinga til læreverket, bøkene er ikkje direkte avhengig av grunnboka til dei ulike årstrinna, men tekstane har aukande vanskegrad (Cappelen Damm). Lesebøkene er alle delt inn i ti ulike kapitler med tema. Tekstane som er inkludert i kapitlet har tilknytning til tittelen på kapitlet. *På norsk LYTT 1-3* er ei samling med CD-ar som høyrer til læreverket.

Det er to grunnleggande skilnader mellom *Fabel* og *På norsk*, og det er at *Fabel* har inkludert litteratursamlinga i grunnboka, medan *På norsk* har litteratursamlinga i ei eiga bok, *LES*.

*Har bøkene eige sidemålskapittel?*

Det første eg val å undersøke var om bøkene hadde eige sidemålskapittel, kva omfang det hadde og kor det var plassert i boka. I tabell 2 er det ei oversikt over både *Fabel* og *På norsk*

sine bøker for alle årstrinn. Nokre av bøkene har eige sidemålskapittel, men nokre har og inkludert nynorsk i eit bokmålskapittel eller plassert det som eit delemne i eit anna kapittel. Dette og andre skilnader og likskaper blir kommentert under.

*Fabel* har kun sidemålskapittel i 10. klasse, mest sannsynleg som ein del av eksamensførebuingane. Dei to føregåande bøkene har strengt tatt ikkje eige sidemålskapittel, men dei har likestilt grammatikkundervisninga i nynorsk og bokmål. Det betyr at når det er undervisning i bokmålsgrammatikk, blir det og lagt opp til undervisning i nynorskgrammatikk. Bøkene nyttar fargekoding, slik at nynorsk er markert med lys blå i både tekst og tabellar. Alle tre bøkene plasserer kapittele i første halvdel av boka, men dei utgjør ikkje nokon stor del av pensum. I *Fabel 10* utgjør sidemålskapittelet kun 5,3 %, men prosenten er nesten dobbelt så høg i *Fabel 9*. Ein kan argumentere for at *Fabel 8* og *Fabel 9* ikkje har sidemålskapittel sidan nynorskgrammatikken er inkludert i bokmålskapittelet, men eg valde å telje det som eit delvis sidemålskapittel. Nøkkelorda her er inkludering og integrering, *Fabel* viser i dette tilfellet ei integrering av nynorsk i bokmålsbøkene, medan *På norsk* viser ei inkludering. Dette er ein skilnad som er viktig å trekke fram mellom bøkene. *På norsk* sine bøker har nemleg sidemålskapittel, og det er tydeleg utheva. Kapitela heiter til dømes «Sidemål» som i *På norsk 2*. Alle sidemålskapitela blir plassert som siste kapittel i kvar bok. Omfanget av sidemålskapitela er litt større enn i *Fabel* sine bøker. *På norsk 2* har 13,4 % av pensumet dedikert til sidemålskapittelet. Likevel kan ein sjå at *På norsk* har berre inkludert nynorsk, ikkje integrert det.

TABELL 2						
Oversikt over sidemålskapittel og omfang						
Bok	Fabel 8	Fabel 9	Fabel 10	På norsk 1	På norsk 2	På norsk 3
Sidemålskapittel	Ja, inkludert i bm-kapittel	Ja, inkludert i bm-kapittel	Ja	Ja	Ja	Delemne i anna kapittel
Omfang	s. 62-89 (27 s.)	s. 59-93 (39 s.)	s. 95-119 (24 s.)	218-240 (22 s.)	s. 226-260 (34 s.)	s. 272-285 (13 s.)
Omfang i prosent	6,7 %	9,4 %	5,3 %	9,4 %	13,4 %	4,6 %
Plassering	Kapittel 4 av 13	Kapittel 4 av 12	Kapittel 5 av 12	Kapittel 10 av 10	Kapittel 10 av 10	Kapittel 10 av 10

### *Korleis er fordelinga mellom nynorsk og bokmål i litteratursamlinga?*

Det er fleire skilnader mellom læreverka i litteratursamlinga. Første skilnad er at *Fabel* sitt læreverk har ei litteratursamling bakarst i kvar bok, medan *På norsk* har ei eiga lesebok. Hovudgrunnen til at ein må trekke dette fram er at *På norsk*, som har via ei eiga bok til litteratursamlinga, har moglegheit til å inkludere ei større mengd med tekst, men også eit større mangfald, enn *Fabel*. Andre skilnader er at *Fabel* sitt læreverk skriv kva sjanger dei ulike tekstar er, medan *På norsk* korkje skil mellom sakprosa og skjønnlitteratur.

Den første skilnaden er noko av det som kjem tydelegast fram i tabell 3.1 og 3.2. *Fabel 8* har 11 tekstar på nynorsk, medan *På norsk LES 1* har 33 tekstar på nynorsk, det er tre gonger så mykje som *Fabel 8*. Denne skilnaden kan ein og sjå i bøkene før 9. klasse og 10. klasse.

Den neste skilnaden mellom læreverka kjem óg tydeleg fram i tabellen. Eg val å utheve sjanger i *Fabel* sine kolonnar sidan bøkene gjer det. *På norsk LES* har ikkje utheva sjanger og derfor val eg å kun skilje mellom skjønnlitteratur og sakprosa. Å skilje mellom skjønnlitteratur og sakprosa viser ein trend som er lik hos begge læreverka.

Nemleg overvekta av skjønnlitterære tekstar. Begge læreverka har meir skjønnlitteratur, enn sakprosa. Her må ein trekke inn tabellen som viser oversikten over bokmål, tabell 3.2. Det er fordi det er same trend i fordelinga mellom bokmålstekstane, nemleg meir skjønnlitteratur enn sakprosa. Med andre ord, er vektinga mellom sjanger noko som er problematisk i bokmålstekstane og. Noko anna ein må trekke fram når ein ser på tabell 3.2 er kor mykje meir tekstar det er på bokmål enn på nynorsk. I *Fabel 10* er det 10 tekstar på nynorsk og 40 tekstar på bokmål.

Omfanget til sidemålskapittelet og fordelinga mellom nynorsk og bokmål i litteratursamlinga seier litt om kor mykje nynorsk som er i bokmålsbøkene, men ein må og undersøke kor mykje nynorsk som er til stades utanom desse komponentane.

TABELL 3.1

## Nynorsk i litteratursamlinga

	Undersjanger	Fabel 8	Fabel 9	Fabel 10	På norsk LES 1	På norsk LES 2	På norsk LES 3
Sakprosa	Artikkel (inkludert fagartikkel)	1	0	0	9	8	10
	Annmelding	1	0	0			
	Intervju	0	0	0			
	Lesarinnlegg, debattinnlegg, argumenterende tekst, reflekterende tekst	0	3	2			
	Biografi	0	0	1			
	Reklame, grafisk tekst	0	0	0			
	Anna	0	1 (tale)	0			
Skjønnlitteratur	Novelle	2	3	1	24	28	13
	Roman (utdrag)	3	0	2			
	Eventyr, myter og fantastiske forteljingar	0	0	0			
	Teikneseriar	1	0	1			
	Lyrikk	3	5	2			
	Biletebok	0	1	0			
	Skodespel	0	0	1			
	Filmmanus	0	0	0			
<b>Antal tekster totalt</b>	<b>11</b>	<b>13</b>	<b>10</b>	<b>33</b>	<b>36</b>	<b>23</b>	

TABELL 3.2

## Bokmål i litteratursamlinga (og andre språk som dansk og svensk)

	Undersjanger	Fabel 8	Fabel 9	Fabel 10	På norsk LES 1	På norsk LES 2	På norsk LES 3
Sakprosa	Artikkel (inkludert fagartikkel)	2	4	0	13(inkludert 1 svensk)	9 (inkludert 1 svensk)	13
	Annmelding	1	0	0			
	Intervju	2	1	0			
	Lesarinnlegg, debattinnlegg, argumenterende tekst, reflekterande tekst, informerende tekst	3	4	15			
	Biografi	2	0	0			
	Reklame, grafisk tekst	0	5	0			
	Anna	0	3(tale)	1(nekrolog)			
Skjønnlitteratur	Novelle	1	4	5 (inkludert 1 svensk og 1 dansk novelle)	56 (inkludert 4 svenske, 2 danske, 2 gamalnorske)	57 (inkludert 4 svenske og 1 dansk)	56 (inkludert 2 svenske)
	Roman (utdrag)	1	5 (inkludert 1 dansk)	4			
	Eventyr, myter og fantastiske forteljingar	19	1(dansk)	0			
	Teikneseriar	4	0	0			
	Lyrikk	11	8 (inkludert 3 svenske)	11			
	Biletebok	0	1				
	Skodespel	0	0	2			
	Filmmanus	0	0	2			
<b>Antal tekster total</b>	46	36	40	69	66	69	



### *Finst det nynorsk utanom sidemålskapittelet og litteratursamlinga?*

Alle bøkene har til ulik grad noko nynorsk utanom sidemålskapittelet og litteratursamlinga.

Første punkt er at alle bøkene, utanom *Fabel 10*, har eksempeltekstar på nynorsk. Det kan vere alt frå ein tekst til fleire tekstar, det kan vere eit dikt eller ei lang forteljing. Dette ser ein i tabell 4. Det er ingen av bøkene som har oppgåver på nynorsk utanom sidemålskapittel, og heller ingen av bøkene som har oppgåver på nynorsk tilknytt tekstane på nynorsk. I *Fabel 8* og *Fabel 9* er det oppgåver på nynorsk i kapittel 4, grammatikkapittelet, her er det noko lik fordeling mellom oppgåver, men det er ingen andre stader i boka der det er oppgåver på nynorsk.

Så langt har det blitt gjort greie for sidemålskapittel, nynorskomfanget i litteratursamlinga og nynorsken elles i bøkene. Kor mykje nynorsk er det då samla i bøkene?

TABELL 4						
Nynorsk utanom sidemålskapittel og litteratursamling						
Bok	Fabel 8	Fabel 9	Fabel 10	På norsk 1	På norsk 2	På norsk 3
Eksempeltekst på nynorsk utanfor litteratursamlinga	Kap. 6 s. 115 Lesarinnlegg	Kap. 8 s. 156 Reklameplakat	0	Kap. 3 s. 55-56 Myte	Kap. 2 s. 46 Lyrikk	Kap. 7 s. 198-201 Tekstutdrag
	Kap. 12 s. 211 Lyrikk					Kap. 8 s. 212 Lyrikk
	Kap. 12 s. 212 Lyrikk	Kap. 12 s. 238 Twitterkonto				
Oppgåver på nynorsk tilknytta eksempeltekstar på nynorsk eller andre oppgåver på nynorsk	0 (Unntak: Kap. 4, 18/37 oppgåver på nn/bm)	0 (Unntak: Kap. 4 20/38 oppgåver på nn/bm)	0	0	0	0
Andre stader i boka der nynorsk blir nytta som språk	Ingen stader (Unntak: Kap. 4 nynorskgrammatikk på nynorsk )	Ingen stader (Unntak: Kap. 4 nynorskgrammatikk på nynorsk )	Kap. 3 s. 57 nynorskgrammatikk	Ingen stader	Ingen stader	Ingen stader

### Kor mykje nynorsk er det i bøkene?

I tabell 5.1 og 5.2 er det talfesta kor mange sider det er med nynorsk og bokmål i dei to læreverka. Det er tydeleg at det eine læreverket har meir nynorsk enn det andre. *På norsk* sine bøker samla, har over 20% i nynorsk på alle årstrinna. Det er spesielt bøkene i 9. klasse som har mest nynorsk samla. *Fabel* derimot har under 20% i alle bøkene sine. Fabel 10 har desidert minst av alle med berre 16,8 % nynorsk.

Når ein ser på desse tala er det viktig å understreke at det finst ei svakheit i innsamlinga av datamaterialet. Denne er omtala tidlegare i bacheloren. Likevel gjer tala ein tydeleg peikepinn på kor mykje nynorsk dei ulike læreverka vel å inkludere. Det er og ein skilnad mellom bøkene, der *Fabel* vel å integrere nynorsken som ei meir likestilt målform, medan *På norsk* kun inkluderer det.

TABELL 5 .1

#### Oversikt over antal sider med nn/bm i læreverket Fabel

Lærebok	Fabel 8	Fabel 9	Fabel 10
Antal sider i boka totalt	417	431	453
Antal sider med lærestoff	404	417	439
Antal sider med nn mellom kap. 1-10 / antal sider med bm mellom kap. 1-10	30 / 201	41 / 204	24 / 215
Antal sider med nn i litteratursamlinga / antal sider med bm i litteratursamlinga	40 / 133	38 / 134	50 / 150
Antal sider med nn totalt i boka / antal sider med bm totalt i boka	70 / 334	79 / 338	74 / 365
Omfang nn i prosent av antal sider med lærestoff	17,3 %	18,9 %	16,8 %

TABELL 5.2

Oversikt over antal sider med nn/bm i læreverket På norsk (grunnbok 1, 2 og 3 + LES 1,2 og 3)

Lærebok	På Norsk 1 + LES 1	På Norsk 1 + LES 2	På Norsk 3 + LES 3
Antal sider i boka totalt	246 + 272	264 + 296	294 + 311
Antal sider med lærestoff	234 + 260	254 + 283	281 + 299
Antal sider med nn mellom kap. 1-10 / antal sider med bm mellom kap. 1-10	24 / 210	35 / 219	17 / 264
Antal sider med nn i litteratursamlinga / antal sider med bm i litteratursamlinga	83 / 177	110 / 173	109 / 190
Antal sider med nn totalt i bøkene / antal sider med bm totalt i bøkene	107 / 387	145 / 392	126 / 454
Omfang nn i prosent av antal sider med lærestoff	21,1 %	27 %	21,7 %

## Drøfting

Denne delen drøftar dei funna som er gjort i analysen. I analysen blei sjølv datamaterialet presentert, her skal dei funna drøftast. Funna skal tolkast individuelt, men dei skal og settast opp mot kvarandre for å skape eit større perspektiv. Først blir funna i *Kunnskapsløftet* drøfta. Deretter blir funna i læreverka drøfta individuelt og så blir dei samanlikna Til slutt samanliknar eg funna i *Kunnskapsløftet* opp mot funna i begge læreverka.

### Drøfting av funn i analysen av *Kunnskapsløftet*

Analysen av dei utvalde delane av læreplanverket avdekkar nokre positive trekk, og nokre trekk som opnar forbetring.

Det positive er at *Kunnskapsløftet* framstår som veldig bevisst på at Noreg har eit rikt språkleg mangfald. I den summative analysen kjem det fram at nynorsk aldri blir nemnt utan at bokmål er nemnt, og det same kan ein seie om bokmål. Det blir heller aldri nemnt utan nynorsk. Målformene er veldig likestilte, og ein kan ikkje trekke fram noko som peiker mot at *Kunnskapsløftet* favoriserer den eine målforma framføre den andre, eller at den eine målforma er utheva som sidemål og den andre som hovudmål. *Kunnskapsløftet* legg opp til at ein skal ha same kunnskap på både bokmål og nynorsk. Det er ikkje slik at ein til dømes skal lære meir grammatikk på nynorsk enn på bokmål, og ein skal heller ikkje lese meir tekstar på den eine målforma enn den andre. Likevel finst det rom for forbetring.

Trass i at *Kunnskapsløftet* likestiller målformene i kompetansemåla sine, finst det ingen retningslinjer på korleis ein som lærar skal legge vekt på omfanget av dei ulike målformene i undervisninga. Kor mykje skal ein undervise i sidemålet? Kor mykje skal ein vektlegge hovudmålet? Læreplanen legg ingen føringar på kor mykje ein skal vektlegge sidemålet. Det er ingen retningslinjer eller anbefalingar og det kan skape vanskar for lærarane når dei skal planlegge undervisninga i løpet av eit år. I tillegg seier ikkje læreplanen noko om kor mykje sidemål det bør vere i lærebøkene heller.

For å summere opp kan ein trekke fram at målformene er likestilte, men *Kunnskapsløftet* gir kanskje for lite retningslinjer på korleis ein skal vekte fordelinga mellom hovudmål og sidemål. Dette samsvarer med erfaringar som lærarar har, nemleg at læremåla er for vide og ambisiøse (Hodgson et al., 2010, s. 90). At målformene er konsekvent likestilt kan gjere det vanskeleg for ein lærar å vekte fordelinga mellom hovudmål og sidemål i røynda når ein skal planlegge undervisninga. Vektinga mellom målformene gjeld og læreverka, det finst ikkje nokon retningslinjer på til dømes kor mykje sidemål det skal vere i bøker på hovudmålet.

## Drøfting av funn i analysen av læreverka

Det er fleire faktorar som skil læreverka frå kvarandre. Det første er korleis bøkene legg opp til grammatikkundervisning, det andre er bruken av sidemålkapittel og det tredje er fordelinga av nynorsk- og bokmålstekstar i litteratursamlinga deira.

*Fabel* sitt læreverk har ikkje noko eige sidemålkapittel før 10. klasse. Dei to første åra har læreverket derimot inkludert nynorsk i bokmålskapitela som omhandlar grammatikk. Det tyder at når det er lagt opp til grammatikkundervisning, så er det gjennomgang av begge målformene samstundes. I desse kapitela er omlag halvparten av oppgåvene på nynorsk. Det er tydeleg at læreverket vektlegg nynorsk i like stor grad som bokmål når det kjem til den skriftlege språkopplæringa. Eit anna positivt trekk er at desse kapitela er plassert i første halvdel av boka. Dette treng ikkje vere eit argument i seg sjølv, men det seier likevel noko om korleis det er prioritert i rekkefølga. I 10. klasse har *Fabel* eit eige sidemålkapittel som er plassert i første halvdel av boka. At det er nettopp i 10.klasse at boka har eit eige sidemålkapittel kan ha nær relasjon med eksamensførebuingar. Læreverket uthevar ikkje sidemål som noko eige før i 10. klasse og forsterkar inntrykket av at dei likestiller målformene.

I *På norsk* sine grunnbøker er det eige sidemålkapittel i alle tre årstrinna. Kapittelet heiter alltid *Sidemål* og er alltid plassert som siste kapittel i alle tre bøkene. Dette er i stor kontrast til *Fabel*. At nynorsk blir utheva som eit sidemål og konsekvent plassert i bakerst i boka gir nokre signal som kan tolkast negativt. At det er sist kan tyde på at det er vurdert som det minst viktige kapittelet i boka. Dersom ein lærar følger rekkefølga i boka slavisk kan det og hende at kapittelet blir nedprioritert sidan det er sist i boka.

Litteratursamlingane til dei ulike læreverka er veldig ulike. Først og fremst er det ein stor skilnad at *På norsk* har skilt ut litteratursamlinga i eiga bok i motsetning til *Fabel* som har inkludert litteratursamlinga i grunnboka. Likevel er den største skilnaden omfanget av nynorsk i litteratursamlinga.

Fram til år 2000 var det krav om at lesebøker i norskfaget i ungdomsskulen skulle ha eit minstekrav om 33,3 % nynorsktekstar (Språkrådet, 2010). Etter at denne ordninga vart fjerna blei det ein sterk reduksjon i omfang nynorsktekstar i bokmålsbøkene. Her er det ein stor skilnad mellom læreverka, for medan *Fabel* føyer seg inn i rekka over eit av mange læreverk som redusert mengda nynorsktekstar i bokmålsutgåvene sine, har *På norsk* LES oppretthalde kravet.

Dersom ein samanlikna tala i tabellane 3.1 og 3.2 ser ein til dømes at det er 11 tekstar på nynorsk i *Fabel 8* og 46 på bokmål. 11 av 57 tekstar utgjer ein prosentandel på 19,3 %. Med andre ord ein ganske sterk reduksjon frå minstekravet om ein tredjedel nynorsk. *Fabel 8* er no nede på under ein femtedel nynorsk i litteratursamlinga. Samanliknar ein funna frå *Fabel 8* til *På norsk LES 1* ser ein stor skilnad mellom læreverka. Der er det 33 tekstar på nynorsk og 69 på bokmål, 33 av 102 tekstar blir 32,3%. Kanskje meir overraskande er prosentandelen nynorsk i *LES 2*, der har nemleg læreverket auka mengda nynorsktekstar til 35,3 %.

Ein må sjølvstøtt poengtere at læreverket *På norsk* har skilt mellom grunnbok og lesebok, medan *Fabel* sitt læreverk har ei alt-i-eit-bok. Det gjer at *På norsk* kan ha eit enda større utval tekstar enn *Fabel*. Likevel er det ikkje dette eit tilstrekkeleg argument for å forsvare den store skilnaden i omfang nynorsktekstar. Sjølv om ein har færre tekstar, kan forholdet mellom nynorsk og bokmål fortsatt følge dei tidlegare krava frå Språkrådet. Det er tydeleg at *På norsk* sine lesebøker utfordrar elevane i større grad til å lese eit breitt utval tekster på nynorsk. Ser ein på tabell 3.1 og 3.2 kan ein tydeleg sjå at lesebøkene til *På norsk* presenterer eit større utval tekstar innanfor både sakprosa og skjønnlitteratur. *Fabel* presenterer særst få tekstar innanfor sakprosa og fleire innanfor skjønnlitteratur. Dette gjeld til ein viss grad også *På norsk*, men dei kjem likevel betre ut sidan det fleire tekstar å velje mellom innanfor begge sjangrane.

## Samanlikning mellom læreverka og Kunnskapsløftet

*Kunnskapsløftet* legg til grunn ein del kompetansemål som handlar om kva det skal undervisast i og kva elevane skal kunne når dei er ferdig med skulen. Lærarane som underviser må ta hensyn til desse, men det gjeld og læreverka. Når til dømes *På norsk* skriv i forordet i bøkene sine at boka er «lagt tett opp til læreplanen for grunnskolen, *Kunnskapsløftet*. Det har vi gjort for at du, foreldrene dine og læreren din skal føle dere trygg på at du får mulighet til å nå de målene *Kunnskapsløftet* har satt for ungdomsskoleårene.» (Rolland, Aarø Spiten & Sundby, 2007a, s. 4), blir det skapt forventningar om at eleven får den kunnskapen som er nødvendig. Klarer *På norsk* og *Fabel* å inkorporere kompetansemåla i bøkene sine?

Dersom læreverka skal vere i tråd med det kompetansemåla etter 10. årstrinn må bøkene presentere eit breitt utval tekster på nynorsk, presentere norsk språkhistorie og forklare bakgrunnen for kvifor vi har to skriftlege målformer, presentere grammatikk på nynorsk og samanlikne den med bokmål, legge opp til at elevane skal skrive argumenterande og kreative tekstar på nynorsk (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 8-9).

*På norsk* sine lesebøker presenterer i stor grad eit breitt utval tekstar på nynorsk. Som tildegare nemnt har læreverket delvis opprettheldt det gamle kravet om å ha ein tredjedel nynorsktekstar i bokmålsbøkene. *Fabel* derimot er på under ein femtedel nynorsk. Sjølv om prosentandel seier mykje om kor mykje nynorsk som er inkludert, må ein og sjå på fordeling av tekstar. Det er først og fremst stor overvekt av skjønnlitterære tekstar på nynorsk i begge læreverka. Likevel så presenterer *På norsk* eit større utval tekster, nettopp fordi litteratursamlinga er større. Det er stor skilnad på å ha 2 sakprosaetekstar som i *Fabel 8* og 9 sakprosaetekstar i *LES 1*. Sjølv om det i seg sjølv er viktig å tilby elevane ei viss mengde tekstar på nynorsk, er det og viktig at det er eit stort utval innanfor både sakprosa og skjønnlitteratur. Skal elevane lese eit breitt utval tekster på nynorsk betyr det at dei må lese ei viss mengde tekst, men óg fleire ulike typar tekstar. Mangfaldet som finst innanfor litteratur er stort, og det er viktig at lærebøker gir elevane eit representativt bilete på den litteraturen som finst, både innanfor nynorsk og bokmål.

Begge læreverka presenterer norsk språkhistorie i bøkene sine og forklarar kvifor vi har både nynorsk og bokmål i Noreg. Eit interessant funn er at *På norsk* skriv om bakgrunnen for nynorsk og bokmål i sidemålskapittelet sitt. *Fabel* derimot har via eit heilt kapittel til det språklege mangfaldet i Noreg og skriv om dialektar, nynorsk, bokmål og samisk. Dette sender litt ulike signal. Å skrive om nynorsk og bokmål sin bakgrunn og språkhistorie saman med dialekt og samisk understrekar at Noreg er eit land med fleire ulike typar språk og alle har like stor rett til å vere her. Når *På norsk* skriv om hovudsakleg historia og bakgrunnen for nynorsk i sidemålskapittelet uthevar dei at nynorsk er noko eige. Ein kan tolke det som norsk er lik bokmål og nynorsk noko anna. Likevel skriv boka i kapittelet at det er viktig at bokmålselevar lærer seg nynorsk, for dei som har nynorsk må lære seg bokmål (Rolland, Aarø Spiten, Sundby, 2007a, s. 225).

Grammatikken i dei ulike læreverka har allereie blitt tatt opp, men det er verdt å utdjupe litt til. Først og fremst er det ein viktig skilnad at *Fabel* har inkludert nynorskgrammatikken saman med bokmålsgrammatikken, medan *På norsk* har om nynorskgrammatikk i sidemålkapitela sine. Det er utheva i kompetansemåla at elevane skal kunne samanlikne grammatikken mellom målformene, og eg meiner *Fabel* lukkast best med dette. Å presentere til dømes substantiv eller verb på nynorsk og bokmål ved sidan av kvarandre i same tabell gjer det enkelt for elevane å reflektere rundt det som er likt, men og ulikt. Dette understrekar igjen korleis *På norsk* behandlar norsk som bokmål, og nynorsk som noko anna. Når *Fabel* presenterer grammatikken ved sidan av kvarandre signalisera boka at målformene er likestilte, medan *På norsk* skil ut nynorsken som noko eige.

Begge bøkene har oppgåver som utfordrar elevane til å skrive tekstar på nynorsk. Eit døme er denne oppgåva frå *På norsk Grunnbok 2* på side 254. Oppgåva lyder slik «61. Skriv di eiga forteljing der dy nyttar ekstra mange adjektiv for å gjere teksten «blomstrande».» (Rolland, Aarø Spiten, Sundby, 2007a).

For å summere opp kan ein trekke fram at bøkene følger mange av kompetansemåla frå *Kunnskapsløftet*, men at gjennomføringa av kompetansemåla er ulike og sender ulike signal.

## Spørsmål om framtida

Når lærarar seier at dei synest at *Kunnskapsløftet* er for vanskeleg å arbeide med og dei i større grad enn før må hente hjelp frå læreverka (Hodgson et al., 2010, s. 91), kva skjer med nynorsken då? *Kunnskapsløftet* har fleire kompetansemål som er tydelege på kva ein skal kunne om nynorsk, uavhengig av hovudmål, men blir dei fulgt? *Kunnskapsløftet* likestiller målformene, men er kanskje for upresise om korleis ein skal arbeide med fordelinga av hovudmål og sidemål. Dersom ein skal stole meir på læreverka enn på *Kunnskapsløftet*, blir nynorsken nedgradert? *Fabel* og *På norsk* viser begge ein tilbakegong på omfanget av nynorsk frå minstekravet om ein tredjedel nynorsk i bokmålsbøker til i verste fall rundt 16,8%. Ser vi byrjinga på ein spiral som berre går nedover?



Vi står no ved eit vegskilje. Frå og med skulestart i 2020 får vi eit nytt læreplanverk, og *Kunnskapsløftet* skal erstattast. Det er naturleg å anta at vi får nye læreverk i tillegg til fornying av nokre læreverk. Kva utvikling kjem nynorsken som sidemål til å få då? Kjem det til å ha innverknad at det 88% prosent av elevane som har bokmål som hovudmål (Statistisk Sentralbyrå, 2017)? Kjem vi til å sjå nye lærebøker med enda mindre nynorsk? Kva kjem den nye læreplanen til å seie om nynorsk?

## Konklusjon

Korleis er målforma nynorsk presentert i *Kunnskapsløftet* og korleis er nynorsk inkludert som eit sidemål i ulike læreverk i ungdomsskulen? Dette var problemstillinga som eg ville svare på. Resultata frå analysa viser ulike tendensar.

*Kunnskapsløftet* presenterer målformene som likeverdige; ingen blir presentert som hovudmål eller sidemål. Læreplanen viser forståing og respekt for det språklege mangfaldet. For norsk er nynorsk og bokmål. Likevel blir *Kunnskapsløftet* for upresis i vektinga av hovudmål og sidemål. Det er ingen retningslinjer på kor mykje tid ein skal bruke på sidemålet i undervisninga, og det er heller ingen retningslinjer på kor mykje sidemål lærebøkene skal ha. Dette kan skape usikkerheit hjå dei som skal arbeide med sidemålsundervisning.

Læreverka viser ulike tendensar. Ein må skilje mellom det å inkludere og integrere nynorsk. Begge læreverka har inkludert nynorsk, men har i ulik grad lykkast med å integrere det. Læreverka viser og ein tydeleg skilnad i omfanget av nynorsk. *Fabel* har mindre nynorsk enn det *På norsk* har, men har kanskje lykkast betre i å integrere nynorsken i til dømes grammatikkundervisninga. *På norsk* omtalar nynorsk berre i eige sidemålskapittel, men har lykkast betre i å vise litterært mangfald på nynorsk enn *Fabel*. Med andre viser læreverka både styrkar og svakheiter i nynorskundervisninga si.

At det er store skilnader mellom læreverka er til ein viss grad bekymringsfullt dersom mange lærerar må støtte seg meir på lærebøkene fordi læreplanen sine mål er for vide og ambisiøse (Hodgson et al., 2010, s. 91). Dette kan skape store skilnader i innhaldet i sidemålsundversninga på nynorsk, som igjen vil skape store skilnader i kunnskapsnivå blant ulike elevar. At *Kunnskapsløftet* likestiller målformene har lite hensikt dersom retningslinjene ikkje gjeld læreverka og.

## Litteraturliste

Cappelen Damm. *På Norsk*. Henta frå

<https://www.cappelendammundervisning.no/verk/På%20norsk-118583#omtale>

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forsningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo:

Abstrakt forlag.

Dahlum, S. (2018, 20. februar). Validitet. Henta frå <https://snl.no/validitet>

Dale, E. L. (2010). *Kunnskapsløftet. På vei mot felles kvalitetsansvar?* Oslo:

Universitetsforlagt

Engelsen, B. U. (2015). *Skolefag i læreplanreformer 1939-2013*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Engelsen, B. U. (2008) *Kunnskapsløftet. Sentrale styringssignaler og lokale*

strategidokumenter. (Rapport nr. 1) Oslo: Universitet i Oslo, Pedagogisk  
Forskningsinstitutt

Engelsen, B. U. (2003). *Ideer som formet vår skole?* Oslo: Gyldendal Akademisk

Fauskanger, J. & Mosvold, R. (2014). *Innholdsanalysens muligheter i utdanningsforskning.*

*Norsk pedagogisk tidsskrift*, 2(98), 127-139. Henta frå

[https://www.idunn.no/npt/2014/02/innholdsanalysens\\_muligheter\\_iutdanningsforskning](https://www.idunn.no/npt/2014/02/innholdsanalysens_muligheter_iutdanningsforskning)

Fostås, A., Horn, H., Johnsrud, E. B., Hegdal Nilsen, J., Nitteberg, M., Ommundsen, Å. M.,

Ødegård, H. (2013). *Fabel Norsk for ungdomstrinnet 8*. Oslo: Aschehoug

Fostås, A., Horn, H., Johnsrud, E. B., Hegdal Nilsen, J., Nitteberg, M., Ommundsen, Å. M.,

Ødegård, H. (2014). *Fabel Norsk for ungdomstrinnet 9*. Oslo: Aschehoug

Fostås, A., Horn, H., Johnsrud, E. B., Hegdal Nilsen, J., Nitteberg, M., Ommundsen, Å. M.,

Ødegård, H. (2015). *Fabel Norsk for ungdomstrinnet 10*. Oslo: Aschehoug

Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Hodgson, J., Rønning, W., Skogvold, A. S., Tomlinson, P. (2010). *På vei fra læreplan til*

*klasserom: Om læreres fortolkning, planlegging og syn på LK06* (NF-rapport nr. 3/2010). Bodø: Nordlandsforskning.

Imsen, G. (2009). *Lærerenes verden – innføring i generell didaktikk* (4. utg.). Oslo:

Universitetsforlaget.

Kunnskapdepartementet. (2018a). *Overordnet del av læreplanverket*. Henta frå

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/overordnet-del/>

Kunnskapsdepartementet. (2018b, 19. oktober). *Kunnskapsløftet*. Henta frå

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/kunnskapsloftet/id534689/>

Kunnskapsdepartementet. (2015). *Den generelle delen av læreplanen*. Henta frå

[https://www.udir.no/globalassets/upload/larerplaner/generell\\_del/generell\\_del\\_lareplanen\\_bm.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/larerplaner/generell_del/generell_del_lareplanen_bm.pdf)

Løkensgard Hoel, O. (2016, 1. november). *Då nynorsk vart*

*offisielt språk*. Henta frå <https://www.norgeshistorie.no/industrialisering-og-demokrati/artikler/1553-da-nynorsk-vart-offisielt-sprak.html>)

NOU 2003: 16. (2003). *I første rekke*. Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet.

Opplæringslova – oppl. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-

1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Rolland, J., Slettevol, I., Uri, H. (2008a). *På Norsk Grunnbok 3*. Oslo: Cappelen

Rolland, J., Slettevol, I., Uri, H. (2008b). *På Norsk LES 3*. Oslo: Cappelen

Rolland, J., Slettevol, I., Uri, H. (2007a). *På Norsk Grunnbok 2*. Oslo: Cappelen

Rolland, J., Slettevol, I., Uri, H. (2007b). *På Norsk LES 2*. Oslo: Cappelen

Rolland, J., Slettevol, I., Uri, H. (2007c). *På Norsk Grunnbok 1*. Oslo: Cappelen

Rolland, J., Slettevol, I., Uri, H. (2006). *På Norsk LES 1*. Oslo: Cappelen

Språkrådet. (2010, 11. oktober). Nynorsk på sterk retur i lesebøker. Henta frå

<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2010/Nynorsk-pa-sterk-retur-i-leseboker/>

Statistisk Sentralbyrå. (2017, 13. september). *Dette er Norge 2017, Tall som forteller*. Henta

frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/attachment/317854?ts=15dc18c59b8>

Utdanningsdirektoratet (2018). *Nye læreplaner i grunnskolen og gjennomgående fag i vgo –*

*hva skjer når?* Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/hva-skjer-nar-i-fornyelsen-av-fagene/>

Utdanningsdirektoratet (2013). *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Henta frå

<https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

Utdannings- og forskningsdepartementet (2004). *Kultur for læring* (Meld. St. nr. 030(2003-

2004)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-030-2003-2004-/id404433/sec1>

Øien, Ø. (2013). *Ugraset i norskfaget. Ei undersøking av nynorsk som sidemål i utvalde*

*læreverk for ungdomsskulen*(Bacheloroppgåve, Høgskolen i Hedmark). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/132898>

Øzerk, K. (2006). *Opplæringsteori og læreplanforståelse*. Innlandet: Oplandske Bokforlag